



Sogn og Fjordane  
krets av NSF



ALLTID BEREDT

# STYREMØTE

## Skype, 13. november 2014 kl. 20.00

### Sakliste:

1. Konstituering av ny kretsleiar
2. Oppsummering av Speidartinget
3. Kretsleir
  - 3.1 Komité
  - 3.2 Lån av oppstartsmidlar
4. Materialforvaltar/fyrstehjelpsutstyret
5. Gruppleiarsamling i januar (10. eller 11. jan.?)
6. Møteplan
7. Eventuelt

### Referat:

**Til stades:** Eirik, Ole, Remco, Wenche, Frida og Trine (referent)

### Sak 1      **Konstituering av ny kretsleiar**

Sak 1 vart flytta til seinare i møtet og går inn som sak 7.

### Sak 2      **Oppsummering av Speidartinget**

Eirik orienterte om saker som vart teke opp på Speidartinget 2014. Blant anna vart Mats valt inn som styremedlem.

### Sak 3      **Kretsleir**

Eirik U. Birkeland stiller som kretsleirsjef etter at Petter S. måtte trekke seg. Eirik orienterte om arbeidet så langt:

- Refvika som leirrområde.
- Kretsleirmøte med leirkomiteen

Styret vart einige om at gruppene i kretsen måtte få eit nyheitsbrev angående dato, stad, pris og liknande.

### **Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

c/o Eirik Ulltang Birkeland, Øyjordsveien 11, leil. 501, 5038 BERGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

### **Sak 3.2 Lån av oppstartsmidler**

Kretsleirkomiteen ønskte eit lån for å starte opp arbeidet med kretsleiren. Sogn og Fjordane speidarkrets har satt av ein sum til dette i budsjettet. Kretsleiren kjem til å ha eit separat rekneskap og eigen konto der lånet vert betalt tilbake når leiren er over.

Styret diskuterte startsum, og det vart foreslått 25 000 kr.

Handsaming:  
Samrøystes vedteke.

### **Sak 4 Materialforvaltar/fyrstehjelpsutstyret**

Eirik orienterte om prosessen som har føregått angående å få oversikt over utstyr og material som kretsen har. Det er to grunnleggande spørsmål:

1. Kva har vi?
2. Kvar skal vi oppbevare det vi har? Sentralt?

Fyrstehjelpssekkane, ein i kvar region, skal gjennomgåast og oppdaterast. Fyrstehjelpsutstyret skal vere plassert i ei gruppe som ofte er til stades på kretsarrangement. Ole får ansvar for å lage liste over kva sekkane skal innehalde, han får også ansvar for å lage til ny sekk til Sunnfjord.

Handsaming:  
Styret vart einige om å ta spørsmåla om materialforvaltar opp på gruppeleiarssamlinga i januar.  
Ole lagar innhaldsliste til fyrstehjelpssekkane.

### **Sak 5 Gruppeleiarssamling**

Eirik presenterte saka. Gruppeleiarssamlinga skal vere ein møtestad for gruppeleiarane og kretsen for blant anna å diskutere saker som angår gruppene og kretsen. Saker som vil vere aktuelle er kretsleir, strategisk plan, årsmøte, årshjul, materialforvaltar, kurs og anna.

Styret kom fram til å ha eit fysisk planleggingsmøte 16. desember 2014 kl. 18.00 på Skei. Frida fekk ansvar for å bestille.

## **Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

c/o Eirik Ulltang Birkeland, Øyjordsveien 11, leil. 501, 5038 BERGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

Styret vart einige om gruppeleiarsamling 10. januar 2015 kl. 12.00 på Skei.

**Sak 6 Møteplan**

Planleggingsmøte 16. desember 2014, kl. 18.00, Skei.  
Styremøte 8. januar 2015, kl. 20.00, Skype.  
Gruppleiarsamling 10. januar 2015, kl. 12.00, Skei.  
Styremøte 19. februar 2015, kl. 20.00, Skype.  
Kretsting 14. mars 2015.

Anna:

Nasjonal ledertreningssamling 16.-18. januar 2015.  
Toppledermøte 20.-22. mars 2015.

**Sak 7 Tidlegare sak 1**

Eirik vil fungere som visekretsleiar fram til Kretstinget.

**Sak 8 Eventuelt**

8.1 Fredslyset – Remco orienterte om fredsløset som kjem til Florø 26. eller 27. november 2014. For meir informasjon sjå [www.fredsløset.no](http://www.fredsløset.no).

*Slutt: 21.50*

**Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

c/o Eirik Ulltang Birkeland, Øyjordsveien 11, leil. 501, 5038 BERGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)